

Saksbehandlar: Hans Blø, kontrollsjef for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune
Sak nr.: 13/3893-3

Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde

Framlegg til vedtak:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tar rapporten frå SF-revisjon om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde til vitande.
2. Fylkestinget viser til konklusjonen til revisjonen, og ber fylkesrådmannen om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet, jf. fylkesrådmannen sin merknad til rapporten.

Vedlegg:

SF-revisjon: Uavhengig attestasjonsrapport om fylkeskommunen sitt regelment om arbeidsvilkår for folkevalde.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

KU-sak 26/13

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollsjefen tok opp spørsmål om eigen inhabilitet i saksførebuing av saka. Kontrollutvalet slutta seg til kontrollsjefen si vurdering, og har bedt kontrollsjef Hans Blø, kontrollutvalssekretariatet i Møre og Romsdal fylkeskommune, å vere setjekontrollsjef og greie ut saka og gi tilråding til kontrollutvalet.

1. Bakgrunn for saka

Ved behandlinga i fylkestinget av sak FT- sak 5/13 om endringar i reglementet «Arbeidssviklår for folkevalde», vart det frå representanten Frank W Djuvik stilt spørsmål om reglementet vart praktisert på ein lik måte for politikarane. Djuvik tok spørsmålet vidare i ein epost til leiaren i kontrollutvalet, med oppmoding til kontrollutvalet om å sjå på praktiseringa.

I møte den 28.05.13, KU-sak 26/13, vedtok kontrollutvalet å be sekretariatet om å bestille ein stikkprøvekontroll av etterleving av reglementet for godtgjersle til folkevalde, som er ein del av «Arbeidsvilkår for folkevalde».

I oppdraget til SF-revisjon bad kontrollsjefen revisjonen om å ta ein stikkprøvekontroll av etterlevinga av reglementet for godtgjersle til folkevalde. Det var og ønskeleg å få avklara kva ombod som ligg under omgrepet «alle verv vedkomande har» for folkevalde som har fast godtgjersle.

Rapporten frå SF-revisjon med resultatet av undersøkinga ligg ved.

Rapporten har SF-revisjon førelagt fylkesrådmannen til fråsegn, og fylkesrådmannen sine merknader er vedlagt rapporten.

I revisjonen sin konklusjon (jf. kap. 4 i rapporten) vert det stadfesta at frikjøpte folkevalde med fast godtgjersle i samsvar med reglementet ikkje har fått utbetalt møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste frå fylkeskommunen i den undersøkte perioden.

Det er elles avdekkja mange feil knytt til møtegodtgjersla, men feila vart færre etter omlegging av rutinane i 2013.

SF-revisjon har vurdert omgrepet «alle verv vedkomande har», men finn det vanskeleg å gi ei eintydig tolking for kva fylkeskommunale ombod som er omfatta. Revisjonen rår til at ein avklarar kva ombod som ligg i omgrepet.

Vidare påpeiker revisjonen at full erstatning for tapt arbeidsforteneste etter reglementet berre kan giast ved fråvær på minst 8 timar, og meiner reglementet må endrast på dette punktet dersom noverande praksis med full utbetaling for fråvær mellom 6 – 8 timar skal halde fram. Fylkesrådmannen viser til at det kan vere vanskeleg for ein folkevald på førehand å vite om eit møte varer mindre enn 8 timar, vikaren må oftast skaffast for heile dagen.

2. Vurderingar

Det er positivt at det har vorte færre feil i møtegodtgjersleoppgjera etter at rutinane vart lagt om i 2013 ved innføring av elektronisk reiserekning og omlegging ansvaret for attestasjon. Ein bør likevel ha merksemd mot at reglementet vert praktisert likt når fleire har slikt kontrollansvar.

I fall ein ønskjer å halde fram med noverande praksis med å gi full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar, bør reglementet endrast på dette punktet.

Reglementet bør elles vere formulert slik at det er avklara kva som er meint, t.d. omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4.

3. Konklusjon

Revisjonens undersøking knytt til oppfølging av reglementet for møtegodtgjersle for folkevalde viser at det er påvist feil utbetalingar og praktisering. Jamvel om feila har vorte færre etter omlegging av rutinane, er det grunn til framleis å ha merksemd mot området, særleg i høve til lik praktisering